


# HÅKONARSPELET 2000

**Kystsoge vekene 2000**

**Av Johannes Heggland**
**Musikk: Jostein Stalheim, Knut Vaage**
**Regi: Otto Homlung**
**Dirigent: Anne Randine Øverby**
**Produsent: Stiftinga Kystsogevekene**





Støtta av Hordaland Teater og Sogn og Fjordane Teater.

*Foto: Roald Straume*

**Bergenhus Festning: Offisiell opning av Kystsogevekene og Håkonarspelet 2000 laurdag 5. august kl. 15.00. Framsyning også søndag 6. august kl. 15.00**

BILLETT SERVICE

**Billettar i Frescohallen, på posten, tlf: 815 33 133 og ved inngangen.**

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur - tradisjon og utvikling...

kulturby bergen
DnB Gilde SAS
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
SpareBank 1 Vest

## Kjære publikum!

På våre reiser går me av og me stig på. Me møter andre menneske som hastar forbi på veg til sine mål. Til andre tider deler me opplevingar saman. Me deltek, me motiverer og vert motiverte, og me får mot nok til å vandre vidare.

Slik er vår livsgang. Møte og hendingar gir oss faste haldepunkt slik at me kan minnast og finne ein tråd både i det me tenkjer og utfører.

Det er alt dette som i korte glimt gir dagane våre samanheng og stimulans, og løftar oss over det trivielle. «Sannings-stunda» eller «det evige øyeblikk». Plutseleg ser me klårt . Summen av opplevingar – kanskje det me har leita etter i lange tider – er krystallklart i ein kort augneblink.

Musikk, teater, litteratur –ja, alle former for skapande og utøvande kunst når slike sannings-stunder kvar gong kunsten og mennesket møter kvarandre i små lynnedslag av kjensler, innleving og klarsyn.

Mitt absolutt vakraste ønkse er at denne dagen på Bergenhus Festning skal gi alle ei slik utruleg stund. Ei festframsyning der me moderne menneske møter ein konge som var sterk og stolt, men som også hadde i seg den endelause tvilen mellom tru og svik. Likevel var han ein konge som gav landet ny vekst og lærde medmenneska sine at gode gjerningar alltid vil vere ein grunnstein som neste-kjærleik og menneskeverd må byggje på.

I tre år har me synt delar av Håkon - den gode kongen –sitt liv på fire stader. Fitjar, Håkonshella, Seim og Gulen, stadnamn som alle er knytte til Håkon sitt kongekall. I dag er desse fire delane eit heile – slik også Håkon sitt liv var det. Alle som er med – aktørar, musikarar, alle rundt og bak eit så stort arrangement, regissør og dirigent – gler seg til å vise soga om ein stor konge og eit fint menneske. Og kvar kunne dette passe betre inn i vår norske soge enn akkurat her på Bergenhus Festning.

Ver helsa.

Ragnhild Randal

Ragnhild Randal
*Dagleg leiar*

# Helsing frå ordføraren i Bergen



*foto: Hans Jørgen Brun*

Det er med glede eg ynskjer velkomen til opninga av Kystsogevekene med Håkonarspelet 2000 og til Kulturby Bergen. I år er dei fire Håkonarspela skrivne saman til eitt stort spel, og dei har frå å vera fire geografisk sett spreidde scener, blitt samla på ei scene på Bergenhus Festning. I denne store oppsetjinga følgjer vi Håkon den Gode frå «vogge til grav». Det er ei glede for Bergen kommune å vera vertskap for alle spel-plassane.

Håkonarspelet som er knytt til Bergen, har fått namnet «Håkon Adalsteinfostre». Spelet har til no hatt sin mellombels spelplass på Haakonsvern. Håkon den Gode vart fødd og døydde på Håkonshella, og det er under planlegging å få fast spelplass i området rundt Håkonshella.

Produsenten for Håkonarspelet 2000 er Stiftinga Kystsogevekene i samarbeid med dei lokale spelplassane Gulen, Lindås, Fitjar og Bergen.

Håkonarspelet vil bli ei stor kulturell oppleving der samspel mellom profesjonelle og amatøre aktørar står i fokus. Det er ca. 350 aktørar som tek del i førebuing og oppsetjing av Håkonarspelet 2000. Eg vil takka alle dei som har lagt ned eit stort arbeid her og ynskja alle hjarteleg til lukke med Håkonarspel og Kystsogeveker.

Vel møtt til Håkonarspelet 2000 på Bergenhus Festning 5. og 6. august i kulturbyåret!

Ingmar Ljones
\- Ordførar -



*foto: Løtvedt*

## JOHANNES HEGGLAND - forfattar

er fødd i Tysnes i 1919. Han har markert seg som ein av våre fremste og mest produktive nolevande forfattarar. Han har skrive ei lang rekkje romanar og barnebøker, og har nådd fram til eit stort publikum med romanseriane *Brødet frå havet* (omsett til tysk), *Seglet og vinden* og ikkje minst serien om Karjana, som vart avslutta i 1992 med boka *Det stutte livet*. I 1994/95 utkom dei to fyrste romanane i ein serie han har kalla Jordparadiset. I 1998 kom fyrste del av ein notidsroman *Sjå kor dei elskar kvarandre*, og den avsluttande delen *Det saltlause saltet* kom i 99. Same året kom ungdomsromanen *Den unge kongen* om den unge Magnus Erlingsson, fødd og alen i Etne i Sunnhordland. Heggland har skrive manus til fleire kjende sogespel, m.a. til Mostraspelet - *Kristkongane på Moster*. I syklusen på fire spel om Håkon den Gode får vi igjen oppleva Hegglands evne til å gi fortida liv. Svært få kan fortelja slik som Heggland, og knapt nokon kan skildra folk og lynne frå våre kantar som han.



## KNUT VAAGE - komponist

(f.1961) bur og arbeider i Bergen. Han er utdanna frå Bergen Musikkonservatorium og frå private komposisjonsstudium. Knut Vaage har skrive solo-, kammer- og orkestermusikk og er mellom anna blitt framført av Bergen Filharmoniske Orkester. Han har også fått framført verk på festivalar i inn- og utland. Som teaterkomponist har han mellom anna hatt fleire oppdrag for Den Nationale Scene. For Hordaland Teater har han tidlegare skrive musikk til festspelframsyninga *Peer Gynt*.



*foto: Norsk Musikk-informasjon*

## JOSTEIN STALHEIM - komponist

(f.1960) er utdanna ved Det kgl. Danske Musikkonservatorium og Norges Musikkhøgskole. Han fekk i år Fartein Valen-stipendet. I haust er han engasjert av Rikskonsertene til å skrive musikk til Schubertensemblet under den landsomfattande festivalen *LYDyngel* for barn og unge. Til hausten skal han på utvekslingsturne mellom Hordaland/Normandie.

I 1987 debuterte han som solist i København og Oslo. Stalheim hadde sitt gjennombrot under den Nordiske Solistbiennalen i 1984 og har vore solist med ei rekkje symfoniorkester i Europa. Stalheim tok eksamen i komposisjon i 1989. Han har vunne internasjonale prisar for sin musikk og vore gjestekomponist ved fleire festivalar i Europa. Stalheim har ein stor produksjon bak seg som omfattar m.a. mange sceniske prosjekt (opera, ballett, teater). Han har skrive tingingsverk til og fått verk framført av: BIT20, Valencia perkusjonsensemble, Sæverudjubileet, Oslo sinfonietta, Cikada, Vertavokvartetten, Manger Musikklag, Strängnes blåsekvintett, ter Jung sekstett, Oslo impro, m.fl.

## OTTO HOMLUNG - instruktør



*foto: Siri Wahlen Simonsen*

blei etter universitetsstudium tilsett ved Den Nationale Scene i Bergen i 1967. Han hadde sin debut som instruktør i 1968 - og var avbroten av permisjonar med regioppgåver ved andre norske teater - tilknytta teateret i Bergen fram til 1978. Til saman 12 framsyningar var han ansvarleg for - i tillegg til arbeidet som pressesekretær og dramaturg. I perioden 1975 - 84 var han frilans sceneinstruktør med oppgåver ved dei fleste av landet sine teater. Etter to suksessrike periodar som teatersjef ved Trøndelag Teater (1984-89) og deretter Det Norske Teateret (1990 - 97) - er han no tilsett på Det Norske Teateret som dramaturg og instruktør - i tillegg til oppgåver også ved andre teater. Siste sesong har han hatt fleire oppgåver ved Den Nationale Scene i Bergen og storsuksessen *Den fjerde nattevakt* på Riksteateret. Der skal han også arbeide i året som kjem. I tillegg har han fleire oppgåver ved Den Nationale Scene og Det Norske Teateret i Oslo.

## ANNE RANDINE ØVERBY - dirigent



har høgare songpedagogisk eksamen og har studert kordireksjon og orkesterdireksjon. Ho grunnla Bergen Operakor i 1981. Som dirigent for koret har ho bl.a. sett opp *Porgy and Bess* (1992), *Aida* (1996) og *Der Fliegende Holländer* (1998). I utlandet har ho gjesta som kunstnarleg leiar for bl.a. *Barberen i Sevilla* ved Statsoperaen i Praha. Anne Randine underviser ved Bergen Lærerhøgskole, Griegakademiet og privatelevar, privatelevar frå Bergen Operakor, Opera Bergens vokalensemble og solistar på Vestlandet. Både som kunstnerisk og administrativ leiar for Opera Bergen og som utøvande kunstnar har Anne Randine bygt opp eit omfattande internasjonalt kontaktnett med agentar og impessario i Nord- og Sør Amerika, Europa, Afrika, Japan og Hong Kong.

## RAGNHILD RANDAL - produksjonsansvarleg



er ein initiativtakar av dei sjeldne, særleg når det gjeld å fremja vestlandskulturen. Ho har vore instruktør for meir enn 40 ulike teaterstykke og starta Bømloteateret der ho var kunstnarleg leiar i 17 år. Ho har sett saman, tilrettelagt og instruert fleire kabaretar frå Vestlandsmiljø og er rekna som ei mor for Mostraspelet. Ho var blant initiativtakarane til Prosjekt Vestkyst og prosjektleiar i startfasen for Samordnings- senteret i Sunnhordland. Frå 1987 til 1995 var ho tilsett ved Hordaland Teater der ho fungerte som høgre handa for teatersjef Anne Gullestad som då også var Riksteatersjef i Oslo. Frå 1995-98 var ho prosjektleiar for Kulturformidlinga Håkon den Gode, og fra 1999 dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene. Ho har motteke fleire prisar for eit sterkt kultur engasjement her vest på.



## BJØRN A. WILLBERG ANDERSEN

gjekk ut frå Statens Teaterhøgskole i 1988, og har sidan då vore tilsett ved Den Nationale Scene i Bergen. Her har han mellom anna spela Aron i *Love Me Tender*, Peer i *Peer Gynt*, Hjalmar Ekdal i *Vildanden* og Hendrik Höfgen i *Mefisto*. Bjørn A. Willberg Andersen har også arbeidd med film og TV, og medverka mellom anna i dei norske filmane *Draumspel* og *Trollsyn*. Radiolyttarar vil og kjenne stemma hans att som Varg Veum frå Radioteatret sine tre seriar om Gunnar Staalelsen sin loslitte privatdetektiv.



## AGNETE G. HAALAND

har stor og mangfaldig teaterbakgrunn og har bl.a. hatt internasjonal suksess med monologane sine. Dei siste 18 somrane har ho spelt dei kvinnelege hovudrollene i dei store sogespela på Vestlandet. Frå TV kjenner vi henne frå seriane *Vestavind* og *Blodsbånd*. Barna vil hugse henne frå filmane om *Kamilla og tyven*. I 1998 - med støtte frå NORAD - spelte ho Nora i den kinesiske oppsetjinga av *Et Dukkehjem*. TV dekninga av premieren på Beijing National Experimental Theatre blei sett av imponerande 700 mill. kinesarar. Agnete har spelt hovudroller ved mange av teatera i landet. I sommar spelte ho tittelrolla i Bentein Baardsens oppsetjing av *Kråka* på Agder Teater. Til hausten møter du henne i Leidulv Risans *4 Høytider* på NRK.



*foto: Trygve Schønfelder*

## STEIN ARILD ESPELAND

(f. 1968) busett i Bergen, er utdanna musikklærar, men har arbeidd som freelance songar, felespelar, musikar/komponist og skodespelar dei siste 5 åra.

Han er periodevis engasjert ved Hordaland Teater, og har til no medverka i følgjande produksjonar; *Mellom bakkar og berg* (om Ivar Aasen), *Sunniva og Viking Ravn*, *Mostraspelet*, *En Uro som aldri dør* (om Arnulf Øverland), *Piken med Svovelstikkene*, *Fiskekongen*. Rolla som Øyvind Skaldaspille har han hatt i alle 4 *Håkonarspela* sidan oppstarten i 1997. I juli 2000 spelte han Sivert, ei av hovudrollene i stykket *Amerikafeber*, av Johannes Heggland, som vart sett opp på Sletta, Radøy i samband med utvandringsfestivalen.

## KJERSTI WIIK - Kvedar

kjem frå Lindås og har hovudfag i song frå Griegakademiet i Bergen. Ho er ein allsidig utøvar innan både folkeleg og klassisk songtradisjon, og har ein bakgrunn i så vel teater og revyar som i opera og orkesterverk. Kjersti har m.a. gjort vertshusvertinnerolla i Bellmanmusikalen *Är jag född så vill jag leva* og hovudrolla Spøt-Olina i musikalen *Dampen* hausten 1999 og 2000. Våren 2000 var ho også engasjert som songar/skodespelar i samtidsoperaen *Glass* ved DNS. Kjersti gjev solokonsertar på Troldhaugen og Lysøen, og har også vore engasjert under Festspela i Bergen. Ho er ein særs aktiv frilanssolist med konsertar både i inn- og utland. M.a. har ho turnert i Danmark, Litauen, Latvia og USA. Ho underviser i klassisk og folkeleg songtradisjon, og arbeider aktivt for å ta vare på og gjera kystsongtradisjonen tilgjengeleg for folk flest. Den lokale folkesongtradisjonen formidlar ho på CD-ane *Strilesølv* frå 1997 og *Ro, ro til Siraland* frå 2000. Ho har elles medverka på ei rekkje andre CD-innspelingar.



*foto: Arne Årseth*

## KYRRE EIKÅS OTTERSEN



er utdanna ved Bergen Teaterskole i 1995. Etter avslutta utdanning har han vore tilsett ved Sogn og Fjordane Teater. Her har han hatt roller i m.a. *Jeppe på Bjerget*, *Tango* og *Ein midtsommernattsdraum.* Hausten 1998 hadde han rolla som Nikolai Astrup i Vidar Sanderns *Det kom ein engel*, og i 1999 spelte han i Jakob Sande - framsyninga Med helsing *Jakob Sande*. Våren 2000 har han spelt i Jon Fosse sitt stykke *Natta syng sine songar*. Kyrre er i år med i *Håkonarspelet* for fjerde gong.

## SILJE SKJEMSTAD



kjem frå Røros. Ho gjekk ut frå Bergen Teaterskole i 1996 og er no frilans skodespelar. Ho har i to år spela hovudroller ved Sogn og Fjordane Teater, bl.a. *Ein midtsommarnattsdraum* og *Det kom ein Engel*. Ho har også hatt ei rolle ved Det Norske Teater i revyen *Tusen år og like blid*, og arbeidd som freelance-skodespelar kringom i Noreg. Silje er med i *Håkonarspelet* for fjerde gong.

## JACK MARKUSSEN - scenograf

kjem frå Borg i Lofoten og er utdanna skreddar, men har dei siste 15 åra etablert seg som ein allsidig teaterkunstnar. Med røynsle som skodespelar, dokkemakar, kostymedesignar og scenograf er han blitt ein ressursperson i norsk teaterliv. Det er han som har gjort scenografien for dei lokale utgåvene av Håkon den Gode på Seim, Gulen, Fitjar og Håkonshella. Til dagleg er han leiar for friteatergruppa Dukkenikkerne som har kontor og verkstad i Østre Muralmenning i Bergen. Dukkenikkerne har dei siste åra hatt ei rekkje samarbeidsprosjekt med Den Nationale Scene, Figurteateret i Nordland og Bergen Byspill.

## KJELL ARVE VORLAND - produksjonsleiar

Er inspisient ved ned Nationale Scene og driv eiga produksjonsverksemd for teater, film og video. Har i vår m.a. vore produsent for novellefilmen *En ærkeshielm*, hatt avviklingsansvar for opningsarrangementet til Kulturby Bergen 2000 og festivalavviklar for samtidsmusikk- festivalen *Music Factory*. Kjell Arve har tidlegare fått Sund kommune sin kulturpris for lokalt kulturengasjement.

## TORUNN LØKEN - maske

er frilans-sminkør og har ansvaret for sminke på ei rad utespel over heile Noreg, mellom anna *Mostraspelet*, *Kinnaspelet* og *Kongens Ring* på Herøy. Ho var i fleire år fast tilsett ved Det Norske Teatret, har ei rekkje oppgåver bak seg i storoppsetjingar ved Chateau Neuf og Victoria Teater i Oslo, og har i mange år vore engasjert ved Sogn og Fjordane Teater. Torunn held kurs i sminke for amatørar over heile landet.Ho underviser også i teatersminke ved Romerike folkehøgskole, Solbakken folkehøgskole og ved drama og kommunikasjonslinja ved Lærerhøgskolen i Oslo.

# Produksjonsstab i spelet:

| | |
|---|---|
| **Produsent** | Stiftinga Kystsogevekene |
| **Regissør** | Otto Homlung |
| **Dirigent** | Anne Randine Øverby |
| **Scenograf** | Jack Markussen |
| **Produksjonsleiar** | Kjell Arve Vorland |
| **Maskør** | Torunn Løken |
| **Lyd** | Pål Nygård |
| **Kostymedesign** | Trude Bergh |
| | Marianne Forsberg |
| **Kostymemedarbeidar** | Britt Koldal |
| **Produksjonsassistent** | Nina Randal |
| | Linbjørg Sæterdal |
| **Inspisientar:** | Christian Venge |
| | Ingrid H. Haveland |
| | Eli Elsaas |
| | Liv Ludvigsen |
| | Hildegard Vindenes |
| | Bente Larsen |
| | Solveig Thunestvedt |

**Lokale prosjektleiarar:**

| | |
|---|---|
| **Gulen** | Tor Leif Mongstad |
| **Lindås** | Johannes Rydland |
| **Bergen** | Hilde Blindheim |
| **Fitjar** | Bjørn Haaland |

# Helsing frå ordføraren i Lindås

Det er eit spanande eksperiment når fleire hundre aktørar samlast til Håkonarspel i kulturbyen Bergen dette året.

Det er ikkje nytt at strilar invaderer Bergen og set sitt preg på byen vår. Samhandling mellom bymann og stril er ein mange århundrelang tradisjon.

Lindås kommune har i år særskilt heidra minnet om Håkon den Gode ved å velja Håkonshaugen på Seim som kommunen sin tusenårsstad. Stadvalet vart markert med ei offisiell tilstelling 4.juni der fylkesmann Svein Alsaker avduka ei minneplate.

Vi har dei siste åra hatt flotte Håkonarspel på Seim og reknar med at Håkonshaugen vert spelstad også i åra som kjem.

I år samlar vi oss alle i Bergen og gler oss til framsyningane laurdag 5. og søndag 6. august på Bergenhus Festning.

Eg vil ønskja arrangørar og aktørar lukke til med Håkonarspelet i år 2000!

Odd Tøsdal
-ordførar-

**FETLING** - omsveiping, til dømes om sår.

**FLEIN** - pil med mothakar på.

**FLEINFLODI** - blodstraumen.

**FYRNDEHEIM** - i gamal tid.

**FØRELOGA** - oppgåve.

**GRID** - heimvist, trygg heimstad.

**GÅ HOLM** - gå holmgang.

**HEGGENATTA** - midtvinternatta, 12. januar.

**HILDARLEIK** - stridsleik, strid.

**HIMMELHESTAR** - Torshestane.

**HJALT** - tverrstykke mellom sverdbladet og skjeftet.

**HLAUT** - blod.

**HLAUTBOLLAR** - blotbollar, til offerblod.

**HÆRLAUP** - innkalling til slag, mobilisering.

**HÆRPIL** - bodstikke. Hærpila hadde eit reip eller vidjeband hengande i eine enden og kalla alle mann væpna til tings.
Ho gjekk frå gard til gard.

**HÅSETE** - rorskar, matros, styrmann.

**JARTEGN** - gåve; prov på at ein fer med sanning.

**KORMT** - Karmøy.

**LAGMANN** - domar på lagtinget.

**LAUSABRYLLAUP** - hastverksbryllaup.

**LOFDARHORN** - Lyderhorn.

**LYVJA** - lindra, lækja.

**MANNA-SKJEPNUR** - mannsskapnad.

**MEINRÅD** - råd til meins og skade.

**MUNNGOT** - heimebryggja øl.

**MUND** - gåve, betaling som brudgomen gav for brura, og som ho og fekk.

**NIDING** - kjeltring, skarv, svikar.

**ODINS-REGN** - Odinsmjød, diktardrykk (kvad).

**OLD** - alder, tidsepoke.

**PERSOK** - Per Varmstein, 22. februar.

**PRIMSIGNING** - merkja med krossteiknet (eit slag førebels kristning).

**PÅL APOSTEL** - apostelen Paulus

**RAUSN** - rom mellom framstamn og austerrom på drakeskip.

**SJOARVEG** - sjøveg, veg til sjøs.

**SKÅLE** - stove, storstove.

**SOLSKUGGEFJØL** - sekstant, vinkelmålar til å måla solhøgda

**STORHUNDRA** - 120.

**SUVL** - «Noget fedt og saftigt at æde til Brødet.» (Aasen).

**SYNDE-SÅLI** - syndesjela.

**TIGNE** - (fl.) tiginborinn, av høg ætt.

**TIVAR** - hærguden Tyr (fleirtal).

**UBOTAVERK** - brot som ikkje kan sonast med bot.

**URDARBRUNNEN** - mytisk brunn.

**UTIGNE** - (fl.) ugjæve, av lågare stand.

**UTLÆG** - verta utlæg, landlyst.

**VALFADER** - allfader.

**VELSKE** - walisiske

**VETE** - vedstabel som vart tent på nutar som teikn på ufred.

**YGGDRASIL** - namnet på allheimstreet.

**ÆGIR** - sjøguden.

**ÆGISLEIKEN** - sjøkamp.

## DEN NORSKE KONGEREKKJA

| | |
|---|---|
| ca 880 - 931 | Harald Hårfagre |
| ca 931 - 933 | Eirik Blodøks |
| ca 933 - 959 | Håkon Adalsteins fostre, den Gode |
| ca 959 - 974 | Harald Gråfell |
| 974 - 995 | Danskestyre: Håkon Jarl |
| 995 - 999 | Olav Tryggvason |
| 999 - 1015 | Danskestyre: Eirik og Svein Jarlar |
| 1015 - 1028 | Olav Haraldsson den hellige |
| 1028 - 1035 | Danskestyre: Knut den mektige |
| 1030 - 1035 | Danskestyre: Svein og Alfiva |
| 1035 - 1046 | Magnus Olavsson den gode |
| 1045 - 1046 | Samkongedøme: Magnus Olavsson den gode og Harald Sigurdsson Hardråde |
| 1046 - 1066 | Harald Sigurdsson Hardråde |
| 1066 - 1093 | Olav Haraldsson Kyrre |
| 1067 - 1069 | Samkongedøme: Olav og Magnus Haraldsson |
| 1093 - 1095 | Samkongedøme: Magnus Olavsson og Håkon Magnusson Toresfostre |
| 1095 - 1103 | Magnus Olavsson Berrføtt |



*Paul-Ottar Haga i rolla som Håkon den Gode i "Kongen med Gullhjelmen", Fitjar. Foto: Stein Erik Gilje*

## HÅKON DEN GODE

OPPHAV: Håkon er fødd kring år 920 som son av Harald Hårfagre og Tora Mostrastong på Håkonshella utanfor Bergen.

BARNDOM: Han blir oppfostra i England hos kong Adalstein. Her blir han døypt og lærer kristne seder å kjenna.

KONGSNAMN: Harald Hårfagre døyr kring 940, og Håkon, som er Haralds yngste son, dreg til Noreg for å ta kongsnamn. Etter Snorre er han 15 år gammal då han blir teken til konge av trønderane med Sigurd Ladejarl si hjelp. Han driv bror sin, Eirik Blodøks, ut av landet. Med dette er han i namnet blitt konge over heile Noreg.

KRISTENTRU: Håkon bygde nokre kyrkjer og gjorde freistnader på å føra inn kristendomen i Noreg, men møtte krass motstand - frå trønderane ikkje minst. Han gav opp misjonsoppgåva og vart tvungen til å leva på heiden vis og ta del i dei heidenske blotingane.

LOVKUNNIG: Soga seier at Håkon skipa Gula- og Frostatinget, men dei var båe eldre. Rett er at han styrkte retts- og forsvarsskipnaden på våre kantar av landet og utvida tingområda. Påbodet om varde- og leidangsskipnad var ei nyskaping i Gulatingslova.

EIRIKSSØNENE: Håkon måtte fleire gonger verja seg mot Eirikssønene som kravde kongsretten til riket. Dei fekk stønad av danskekongen, og det var nok difor Håkon drog på hærferd til Danmark, der han plyndra og drap for fote. Sidan kom Eirikssønene med ein stor flåte nord for Stad medan Håkon låg på Mære. Håkon vann dette slaget.

BANESÅR: Truleg i året 961 kom Eirikssønene uventa over kongefølgjet medan folk sat til bords. Håkon fekk banesår. Han anda ut på Håkonshella der han også såg dagsens ljos. Liket vart ført til Seim og gravlagt der.

| | |
|---|---|
| 1103 - 1122 | Samkongedøme: Magnussønene Øystein, Sigurd og Olav |
| 1122 - 1130 | Sigurd Magnusson Jorsalfare |
| 1130 - 1134 | Samkongedøme: Magnus Sigurdsson og Harald Magnusson Gille |
| 1135 - 1136 | Harald Gille |
| 1136 - 1157 | Samkongedøme: Haraldssønene Inge Krokrygg, Sigurd Munn og Øystein |
| 1157 - 1161 | Inge Krokrygg |
| 1161 - 1184 | Magnus Erlingsson |
| 1184 - 1202 | Sverre Sigurdsson |
| 1202 - 1204 | Håkon Sverreson |
| 1204 - 1217 | Inge Bårdsson birkebeinarkonge |
| 1207 - 1217 | Filippus Simonsson baglarkonge |
| 1217 - 1263 | Håkon Håkonsson |
| 1263 - 1280 | Magnus Håkonsson Lagabøte |
| 1280 - 1299 | Eirik Magnusson |
| 1299 - 1319 | Håkon 5. Magnusson |
| 1319 - 1355 | Magnus Eriksson, svenskekonge |
| 1355 - 1380 | Håkon 6. Magnusson, svenskekonge |
| 1380 - 1814 | Dansk-norsk union |
| 1814 - 1905 | Svensk-norsk union |
| 1905 - 1957 | Haakon 7. |
| 1957 - 1991 | Olav 5. |
| 1991 - | Harald 5. |

*Kjelde: Danielsen m.fl: Grunntrekk i norsk historie, Universitetsforlaget 1991.*



*Kongen og Tora Håkonsdotter.*
*Foto: Bjørn Haaland*



*Kongen og Øyvind Skaldaspille.*
*Foto: Bjørn HaalandBilledtekst:*



*Osternes mannskor*
*Foto: Bjørn Haaland*

## Helsing frå ordføraren i Gulen

I 500 år var Gulatinget i Gulen ein av dei sentrale møteplassane i landet. Her møttest kongen, hersar, bønder og deira lovseiemenn. Gjennom tingingar vart lovene til, og saker vart førde fram og rettsavgjerder tekne. Kong Håkon den Gode nya her oppatt Gulatingslovene og la til bolken om kristentrua. Også den viktige bolken om utbygging av leidangen vart tillagt lova her. Lov og rett, demokrati og kristentru er sentrale stikkord for Gulatinget. Aktuelle saker no som då.

Med bakgrunn i ynskjet om å lyfte fram desse universelle og tidlause verdiane, har Sogn og Fjordane fylke valt Gulatingstaden til sin Tusenårsstad.

Vi helsar Kulturby Bergen og gler oss til å vere saman om å syne fram spela om Håkon den Gode, knytt saman til eitt.

Trude Brosvik
- ordførar -

# Håkonarspelet 2000 av Johannes Heggland

**Fire spel dramaturgisk bearbeidt til eitt samla spel om Håkon den Gode av Otto Homlung**

| | |
|---|---|
| **Produsent:** | Stiftinga Kystsogevekene v/Ragnhild Randal |
| **Musikk:** | Jostein Stalheim<br>Knut Vaage |
| **Regi:** | Otto Homlung |
| **Scenograf:** | Jack Markussen |
| **Produksjonsleiar:** | Kjell Arve Vorland |
| **Kostymedesign:** | Trude Bergh<br>Marianne Forsberg |
| **Maske:** | Torunn Løken |
| **Lyd:** | Pål Nygård |
| **Dirigent:** | Anne Randine Øverby |



*Tora Mostrastong, Ulvhild og vesle kongen. Foto: Linbjørg Sæterdal*

| | |
|---|---|
| **Håkon den Gode** | Bjørn Willberg Andersen * |
| **Håkon den Gode (ung)** | Tor Bjørge |
| **Håkon den Gode (barn)** | Sondre Eknes |
| **Tora Mostrastong** | Agnete G. Haaland * |
| **Jorunn Skjoldmøy** | Kjersti Wiik * |
| **Øyvind Skaldaspille** | Stein Arild Espeland * |
| **Isleiv Audunsson** | Kyrre Eikås Ottersen * |
| **Gudny Torkjellsdotter** | Silje Skjemstad * |
| **Sigurd Ladejarl** | Karstein Moldøen |
| **Torleiv Lagmann** | Martin Hatlevik |
| **Broder Jatmund** | Hermund Nesse |
| **Hjalte Skjeggson** | Ottar Fjell |
| **Huld** | Rosalind Johannesen |
| **Ulvhild** | Grethe Mikalsen |
| **Fjolne** | Knut Elvik |
| **Terna Lade** | Kristin Saltkjelvik |
| **Ørn Åkesson** | Vidar Venge |
| **Åsbjørn frå Meldalhus** | Jon Hopland |
| **Harald Hårfagre** | Knut Magne Molvik |
| **Hauk Håbrok** | Erik Arne Eknes |
| **Kong Adalstein** | Leif Egil Vatnøy |
| **Egil Skallagrimsson** | Johannes Rydland |
| **Bispen hos Adalstein** | Inge Åsebø |
| **Bisp Mikjal** | Stein Bårdsen Sandemose |

( * = profesjonelle aktørar)

| | |
|---|---|
| **Arinbjørn Toresson** | SVERRE KJELBY |
| **Tord frå Aurland** | TOR LEIF MONGSTAD |
| **Sote Eriksson** | VIDAR REKNES |
| **Berse Gudlaus** | GORM EVENSEN |
| **Tora Kongsdotter** | BIRGITTE DRØNEN |
| **Udna Fiskreke** | SISSEL JØRGENSEN |
| **Olmod Årmann** | LEIF SIGURD LARSEN |
| **Tord Hordakåresson** | SVEIN KÅRE MELING |
| **Bjørn Svarte** | JØRUND FJØSNE |
| **Bjørn Kvite** | TOR EIVIND HAALAND |
| **Dronning Gunnhild** | TORILL ANDERSEN |
| **Harald Eiriksson** | ANNVALD TUFTELAND |
| **Erling Eiriksson** | SALOMON AARBØ |
| **Alv Askmann** | KJETIL RYDLAND |
| **Kisping** | ARNE VESTBØSTAD |
| **Jorunn sine fylgjer** | VIGDIS ÅSGARD<br>SILJE TAKLE |



*Jorunn Skjoldmøy.*
*Foto: Roald Straume, Seim*

## Hird:

Johannes Agasøster
Einar Austgulen
Per Kristian Bakkmoen
Widar R. Benes
Inge Blokkhus
Jan Brakvatne
Håkon Fredheim
Gunnar Hageberg
Nils Ingmar Hageberg
Steinar Hagesether
Jens-Petter Hammerich
Kåre Haveland
Tom Helland
Terje Henriksen
Karsten Hitsøy
Espen Hopland
Alfred Håkonshellen
Erling Juvsett
Arild-Erik Knutsen
Olav Kvamme
Pål Langøy
Knut Ludvigsen
Bjørn Lunestad
Idar Løveid
Agnar Mostrøm
Torbjørn Mostrøm
Bjarne Paulsen
Jan Presttun
Ole Kristian Reknes

## Hird forts.:

Sigfred Sivertsen
Jarle Skjelvik
Harald Skumsnes
Sture Solvold
Roald Straume
Svein Strømme
Helge Takle
Åsmund Tveit
Tore Tverderøy
Steinar Unnvik
Roald Vatnøy

## Bønder

Jon Abotnes
Øyvind Berg
Jan Otto Daae
Selmer Engelsen
Ronald Fosse
Arne Gjerde
Gudmund Gloppen
Karl Gloppen
Kjell Otto Gloppen
Håkon Hageberg
Mikal Hageberg
Nils Hageberg
Kåre Helge Hansen
Vidar Hantveit
Brian Holmedal
Ronny Ingebrigtsen

## Bønder forts:

Svein Kåre Ingvaldsen
Knut Erik Jensen
Jakob Kløvtveit
Øyvind Lygre
Arthur Martinussen
Erling Nesse
Per Nilsen
Tommy Norman
Kjell Oppedal
Olav Oppedal
Ingolf Rimmereid
Arve Rydland
Hans Kristian Rygg
Aage Olav Sandal
Johannes Sandvik
Lars K. Sandvik
Magne Sellevåg
Roald Skålevik
Leif Stubseid
Gunnar Sørmo
Bjørn Takle
Einar A. Thune
Geir Unnvik
Willy Willesvik

## Bondekoner:

Berit Alisøy
Berit Austgulen
Grethe Austgulen
Liv Oda Dale
Olaug Evensen
Britt Jorunn Fitjar
Hildur Fitjar
Reidun Fosse
Bjørg Furnes
Henrikka Hantveit
Anne Grethe Hatlevik
Anni Håkonshellen
Gunn Evy Haaland
Monica Jensen
Gerd Kristiansen
Anne Mette Krøger
Edle Kvamme
Kjersti Lien
Kjellfrid Mjømen
Karen Nesse
Maila Herland Olsen
Margot Paulsen
Eli Presttun
Arnhild Randal
Rita Reknes
Inger Kirsti Reknes
Lene Rydland
Solveig Rygg
Gro Sandnes

## Bondekoner forts.:

Frøydis Skare

Ingunn Skarstein

Elisabeth Sleire

Lene Spurkeland

Bjørg Steine

Gjertrud Strømme

Kristi Strømme

Hanne Thunestvedt

Tove Tverderøy

Eldbjørg Valle

Anne Karin Venge

Hild Vik

Solfrid Mykletun Vik

Torbjørg Vølundardottir

Laura Westervik

Anne Britt Wiik

Gry Anette Øvstegård

## Terner:

Sissel Andersen

Sissel Askeland

Julia Bache-Wiig

Signhild Brosvik

Ann-Sofie Drønen

Kirsten Hagesether

Brith Hansen

Ingeborg Haveland

Veronica Haveland

Anne-Birthe Haukeland

Jorunn Henriksen

Magnhild Konopka

Vibeke Larsen

Miek Norman

Kjersti Nortveit

Berit Ohnstad

Kine M. Randal

Gerd Sydow

Gjertrud Tveit

Randi Tverderøy

Anne-Brit Venge



## Unge kvinner:

Malin Andersen
Julie K. Daae
Ingeborg Evensen
Ragnhild Evensen
Catrine Kvamme
Signe Mostrøm
Liselotte Norman
Ingvill Reknes
Lotte W. Silsnes
Malena Wilhelmsen Vabø

## Sveinar:

Tor Gunnar Andersen
Hallvard Dalland
Theodor Drønen
Andreas Engelsen
Petter Vik Fjellstad
Andre Hatlevik
Espen Hatlevik
Vegar Linge Haaland
Kjetil Mongstad
Bård Sandemose
Trygve M. Tveiterås

## Barn:

Erika Berger
Maria Brosvik
Jorunn Evensen
Silje Fjøsne
Berit Haveland
Alette Haveland
Andre Håkonshellen
Christoffer Håkonshellen
Karina Haaland
Kjersti Krakhella
Hanne Larsen
Ingvild Lunestad
Sunniva Lunestad
Vilde Lunestad
Beate Mongstad
Susan Norman
Julie Paulsen
Amalie Sandemoses



*Dei tre hersane i Gulen. Foto: Ingrid H. Haveland*

## Kor:

Follesø Mannskor
*dirigent: Anne Kristine Hopsdal*

Deler av Bergen Operakor
*dirigent: Anne Randine Øverby*

Gulatingkoret
*dirigent: Agnar Mostrøm*

Osternes Mannskor
*dirigent: Mikal Hageberg*

Seim Songkor
*dirigent: Leif Egil Vatnøy*

## Orkester:

Eikanger-Bjørsvik Musikklag

## Sufflør:

Ingeborg Lothe

Turid Løtvedt

Gunn Tone S. Skauge

## Kostyme:

Cristine Andreassen

Borgny Brosvik

Berit Nesse Børslid

Bente Fedreheim

Anne-Birthe Haukeland

Anni Håkonshellen

Marit Konglevoll

Reidun Aasheim Langesæter

Ingeborg Lothe

Liv Ludvigsen

Gunhild Mongstad

## Kostyme forts.:

Reidun Opdal

Margot Paulsen

Helen Randal

Margit Rydland

Kari Ann Sleire

Grethe Spurkeland

Randi Straume

Gerd Sydow

Kirsten Tufteland

Ann Kristin Tveit

Hildegard Vindenes

Kari Øvstedal

Aud Aarskog

## Sminke:

Inger Abelsen

Isabel M. Eidesund

Anne Britt Hansen

Berthe Haveland

Carina Haveland

Kari Haugland

Lillian Haugsdal

Gerd Hæggernes

Marit Johansen

Elisabeth Johannessen

Linda Nygård Johannessen

Heidi Jåstad

Lene Jåstad

Liv Marit Kjelby

## Sminke forts.:

JORUNN KVALVÅGNES
JORUN LARSEN
LINN TERESE LARSEN
IRENE MONGSTAD
HEGE NESSE
NORA GJERDE NESSE
AINA NEVERDAL
JANNICHE NILSEN
SIW ELISABETH NYGÅRD
MARIT KROSSVOLD PETTERSEN
ASTRID RISA
ODA SPURKELAND
MARGUNN TOTLAND
SIGRUN WESTERHEIM
ASLAUG AARBØ

## Rekvisittar:

ERLING ØVSTEDAL
JAKOB KLØVTVEIT
SVERRE KJELBY
HELGE TAKLE
BJØRN TAKLE
TOR LEIF MONGSTAD
KÅRE HAVELAND
GRO-HEIDI MYKING
ODD ESPEVOLL



*Kongen og Tora. Foto: Avisa Nordhordland*



*Håkon Adalsteinfostre og Hjalte Skjeggson. Foto: Linbjørg Sæterdal*

# Helsing frå ordføraren i Fitjar

Fitjar kommune er stolt over at dei fire Håkonarspela i år skal oppførast som ein del av Kulturby Bergen 2000 sitt program. Her samlar ein alle dei fire spela som har vore oppført i Gulen, Seim, Håkonshella og Fitjar til eitt spel som vil visa Håkon den Gode sitt liv frå vogge til grav.

I 1997 hadde me urpremiere i Håkonarparken på Fitjar på spelet «Kongen med Gullhjelmen» og i 3 år har me hatt dette spelet i Fitjar. I Håkonarparken i Fitjar er det reist ein statue over Håkon den Gode. Statuen vart avduka i 1961 av Kong Olav, 1000 år etter slaget på Fitjar der Håkon den Gode fekk sitt banesår.

Me ser fram til å få setja opp spelet i Bergen. Håkonarspelet har vore eit dugnadsprosjekt med hjelp frå Fitjar kommune og andre. Me er glad for alle dei som brukar av ferie/fritida si til å få gjennomført dette prosjektet.

Me håpar at alt neste år kan ein få høve til å setja opp spelet att i Håkonarparken i Fitjar. Men alle er likevel velkomen til Fitjar under Kystsogeveka 2000 som er frå 19.08. til 25.08.

Me ynskjer alle lukke til med framsyningane i Bergen.

Agnar Aarskog
-ordførar -

# Vi takkar:

## Gulen:

Aqua Farms

sparebanken sogn og fjordane

REKNES BYGGJEVARER L·L
5986 HOSTELAND - TLF. 56 16 60 60

Lavik Auto Senter as
Alt i dekk og felger

Gjensidige NOR

WERGELAND - HALSVIK AS

FIRDA

## Fitjar:

bravida

Odd Larsen

SUNNHORDLAND KRAFTLAG

FMV Fitjar Mekaniske Verksted AS

FITJAR KRAFTLAG

## Lindås:

BKK

Lindås Kommune

NORDHORDLAND KRAFTLAG

# Soga om Håkon den Gode.

Sogespelet om Håkon den Gode er eit av Johannes Heggland sine monumentale historieverk. Heggland har på ein fin måte atterreist interessa for norsk historie og for vår identitet.

Dette er første gangen vi presenterar heile sogespelet. Til no har vi synt deler av Håkon sitt liv på desse stadene: Fitjar – Håkonshella – Seim – Eivindvik. Stader som Håkon si livsgjerning var sterkt knytt til.

Håkon voks opp på Seim, men var også til oppfostring hos kong Adalstein i England. 15 år gamal kom han heim og tok kongemakt.

Håkon møtte kristendomen i England og ville kristne Noreg då han kom attende. Han møtte motstand og valde å sikre kongsmakta først. I realiteten måtte han bøye av og følte nok på sviket heile livet. Før han anda ut, lova han å gå i kloster dersom livet skulle vara lenger. Kanskje viser dette striden han hadde ført med seg sjølv. Men Håkon sitt verk vart vidareført av Olav Tryggvasson og Olav Haraldsson. Olav Haraldsson som i all ettertid er kalla «Noregs evige konge».

Håkon vart den gode kongen for folket. Han gav gode lover, var folkeleg og mild.

Håkon var son av Harald Hårfagre og Tora Mostrastong. I heile kongstida si førde han strid mot eiga slekt. Og det var i kamp mot landsmenn han fekk banesår på Fitjar.

Håkon den Gode hadde vore konge i 26 år då han vart såra på Fitjar. Kampen mot eiga slekt, tru og tvil som herja i eige sinn og viljen til å byggje landet med lov, var kjennteikn ved Håkon si regjeringstid.

Dette fortel oss som har Noreg sin historiske stafettpinne i hendene, at Håkon hadde gode eigenskapar både som konge og landsbyggjar.

Han hadde med seg – og i seg – dei ideane som rådde i Europa på den tida. Han rådde og styrde i landet, men kanskje var den ballasta han hadde frå eit større Europa med på å forme både mannen og livsgjerninga.

*Vel møtt til den sceniske versjonen av ein dramatisk epoke i soga vår.*

# Håkonarspelet

Grafisk produksjon: Scanner Grafisk AS (2846/00)



*Tora Mostrastong, Ulvhild og vesle kongen.*
*Foto: Linbjørg Sæterdal*



*Kongen og Tora.*
*Foto: Avisa Nordhordland*

O. Kavli og Knut Kavli's
Almennyttige Fond

Ansvarleg utgjevar: Stiftinga Kystsogevekene.
Programredaksjon: Nina Randal
Utforming: Scanner Grafisk